

Bok på 1-2-3

Eg skal gjere deg frisk, sa bjørnen

Av Janosch

Tverrfagleg undervisningsopplegg for 1.–4. trinn i norsk, naturfag og musikk, med tema helse og vennskap.

Tid: 90 minutt

Klassikarar i Bok på 1-2-3: Barnebokskaparen Janosch har gitt oss fantastiske, varme forteljingar med sjarmerande og fargeglade bilete. Desse forteljingane vil vi gjerne gi vidare til nye generasjonar i begynnaropplæringa. Mange barn som høyrer om dei to gode vennene i huset ved elva, vil berre høyre meir og meir.

Den vesle bjørnen og den vesle tigreren er to gode venner som opplever mange eventyr. Og dei er ikkje redde for nokon ting, for saman er dei så sterke. Mange andre venner har dei også, og eit koseleg lite hus ved elva.

Ein dag er den vesle tigreren sjuk, og den vesle bjørnen kjem med alt han har av omtanke og omsut for å få han frisk igjen. Slik hjelp treng vi alle av og til. Alle dei andre vennene kjem også på besøk, og alle følgjer med den dagen tigreren må reise til dyresjukehuset. Bjørnen er sjølvsagt til stades og passar på.

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med nett og prosjektor.
- Finne fram boka til storskjerm, eller bruke eit fysisk eksemplar.
https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2016011348094
- Analog skriveopplæring: God og spissa blyant og fargeblyantar, skrivebok med skrivehus eller marg og linjer.
- Rom (ute eller inne) til fysisk leik. Stolar til valsestolleiken. Lydkjelde og musikk: «Folketonen» av Hekla Stålstrenga.



Formål

Norsk

- Lese og lytte til forteljingar på nynorsk, og samtale om kva teksten betyr for eleven.
- Bruke lesestrategiar målretta for å lære.
- Utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skiving, leik, rørsle og andre kreative uttrykk.

Naturfag

- Samtale om kva fysisk og psykisk helse er, og drøfte korleis livsstil og trivsel påverkar helsa.

Musikk

- Utforske dansar frå ulike musikkulturar.



1 Før lesing

(10 minutt)

Samtale

- Korleis opplever du det å vere sjuk?
- Kva gjer godt for deg når du er sjuk og skal bli frisk?
- Korleis opplever du det i kroppen når nokon brukar ord og setningar som gir omtanke og trøyst? Kor i kroppen sit den kjensla?

Læraren kan seie: I dag skal vi få lese om korleis det var for bjørnen, den vesle tigeren og vennene då tigeren kjende seg sjuk.

2 Lesing

(20 minutt)

Læraren kan seie: Ver merksam på korleis bjørnen oppfører seg gjennom forteljinga. Og kor du blir glad og vil le i forteljinga.

3 Etter lesinga

(30 minutt)

Samtale, skriv og teikn

Samtalen og teksten øver opp estetiske, etiske og faktabaserte refleksjonar hos elevane.

- Kva skjer med kroppen når ein blir sjuk? Kan kroppen gjere noko for å ikkje bli sjuk? Korleis blir ein sjuk? Korleis kan ein unngå å bli smitta av sjukdom?
- Har de høyrte om immunsystemet? *Immunsystemet (immunforsvaret) er kroppen sitt forsvar mot alt det den oppfattar som framand, som bakteriar og virus. Når kroppen møter ein framand inntrengar, kan han sette i gang ein betennelsesreaksjon. Då kan huda verte raud, varm, hoven og smertefull.*
- Vi har alle ei fysisk helse og ei psykisk helse. Dei er knytte til kvarandre. Men kva er eigentleg fysisk helse? *God fysisk helse betyr for mange å ha ein kropp som fungerer og som gir lite plager.*
- Kva er då psykisk helse? *Psykisk helse er knytt til kjensler og tankar. Det er ein tilstand av velvære der ein kan gjere det ein liker. Ein kan handtere normalt stress, arbeide balansert og fruktbart. Ein kan også bidra overfor andre og i samfunnet. Sjå gjerne livetogsann.no for gode forklaringar og visualisering for 1.–4. trinnet.*
- Korleis opplevde de at bjørnen oppførte seg gjennom forteljinga?
- Kva fekk deg til å bli glad og å le i forteljinga?
- Kva var det som gjorde tigeren frisk (livsstil og velvære)?
- Kva opplever de er hovudbodskapen i forteljinga? *Ein god venn gir omsorg og omtanke.*
- Skriv i skrive- og teikneboka eit ord / ei setning / setningar / ein tekst om hovudbodskapen i forteljinga. Teikn til teksten med blyant og fargelegg med fargeblyantar. Gjer dykk flid.

4 Aktivitet (30 minutt)

I forteljinga les vi at den gule trekkspel-anda spelar opp ein vals for å muntre opp tigeren. Ein vals er ein musikkform og ein pardans eller runddans i tredelt takt, 1-2-3, 1-2-3. No er det tid for å leike og danse valsestolleiken og valesisten frå Folkepedia.no. Elevar frå Ungdomsringsen Salten/BUL Bodø og Aspåsen skole viser veg. Ha det kjekt!

Musikk: «Folketonen» av Hekla Stålstrenga.

Tilleggsressursar

Høgtlesing og leseaktivitetar er sentrale for mange sider av barns utvikling, og samanhengene med leik er nærliggande. Barn hentar gjerne leiketema frå litteraturen. Når ein les bøker saman, får barna eit felles utgangspunkt for å gå vidare inn på ein leikearena der dei også kan vidareutvikle språket sitt. I leiken tek barna til seg og omarbeider strukturar og rammer for forteljingar som dei har nytte av når dei skal produsere eigne forteljande tekstar eller få tak i innhaldet i det dei les. Mange barn liker å leike ei bok, doktor og sjukehus. Her er også tips til korleis ein kan nytte nynorsk barnelitteratur og teaterleik med born.

<https://nynorsksenteret.no/barnehage/leseaktivitetar/leik-ei-bok-med-dei-yngste-barna>

<https://nynorsksenteret.no/blogg/nynorsk-barnelitteratur-og-teaterleik-med-barn>

Kjelder

- Andersen, A. J. W (2024): Psykisk helse. Henta frå https://sml.snl.no/psykisk_helse
- Bakka, E. (2024): Vals. Henta frå <https://snl.no/vals>
- nhi.no (2024): Generelt om immunsystemet.
Henta frå <https://nhi.no/kroppen-var/funksjoner/immunsystemet-generelt>